Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal engkultur

Oppskr. av: Andreas Kopeid

(adresse): NEG

Fylke: Vest-Agder

Herad: Vennesla

Bygdelag.

Gard: Rueness.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmann: Jens Rueness, f. 1878 på Rueness og bonde dr. I seinare år handelsmann på Saukom og bur dr. Samtalen med J.R. gjaldt först og fremst spl. 13, sp. 4 og gjödslestell, og vi kom rakeis inn på nokre av spörsmåla i spl. 12.

5. Dei gjödsla enga med naturgjödsel frå gamalt av - i allfall så lenge J.R. kan hugsa.
Enga fekk ca 1/4 av vintergjödsla, i alfall ikkje meir.
J.R. hugsar ikkje kor sterkt enga vart gjödsla - han heldt ikkje rekning med det.

8. Dei gjödsla enga om våren.

11. Dei jamna ut gjödsla på beite med greip eller rive.

12. Det hadde vore sommarfjös på Rueness, men J.R. hugsar det ikkje. Det vart slutt med å bruka sommarfjös fordi björnen hadde tatt ei ku der.
Det heitte sommarfjös.
J.R. kjenner ikkje til kva ~~og~~ korleis dei stelte med gjödsla i sommarfjöset.

16604